

MEDDELELSER FRA VEIDIREKTØREN

NR. 6

Maskinplanering på veianlegget Tolga—Femundsenden. — Vegar og vegtrafikk i Tyskland, Sveits og Italia. — Tjærebehandling av grusveier. — Veiledning vedrørende arbeide i grustak. — NB. Tusener skrives med store tall. — Personalia — Litteratur. — Mindre meddelelser.

Juni 1934

MASKINPLANERING PÅ VEIANLEGGET TOLGA—FEMUNDS- ENDEN

I 1932 innkjøpte Veidirektøren fra Amerika for forsøksmidler en beltetraktor Caterpillar 30. Den kostet kr. 11 600 inklusive reserve-utstyr og adskillig av reservedeler. Av redskap for samme anskaffedes en „La Crosse” plog (leilighetskjøp kr. 620) samt en „Baker” rulleskrape $\frac{3}{4}$ m³, pris kr. 950. Disse saker er utlånt til ovennevnte veianlegg, hvor forholdene mentes å ligge godt tilrette for maskinplanering. Som det vil fremgå av etterstående beretning som avdelingsingeniør T. Nordang har avgitt til overingeniøren for veivesenet i Hedmark fylke er det, tross forsøksvanskeligheter som alltid melder sig, allerede oppnådd meget gode resultater. I sin følgeskrivelse av 26. mars 1934 til veidirektøren uttaler således overingeniøren bl. a.:

„Arbeidet har gått meget godt i sommer, og det vil etter all sannsynlighet komme til å gå enda bedre når fremgangsmåten er prøvet lenger. I særlig skikket terreng og med passende masser kan planeringsomkostningene eventuelt drives enda lenger ned enn hittil oppnådd.

Der er som det vil sees selv med en forholdsvis rikelig avskrivning oppnådd en besparelse på 22,8 % for det arbeide som er utført sommeren 1933. Dette er jo en betydelig besparelse som, om fortsatte arbeider skulde vise det samme resultat, vil bli av adskillig viktighet. Legges hertil fordelene ved den grundige omkalfatring og tilkjøring som massene blir gjort til gjenstand for, synes denne arbeidsmetode å måtte tillegges så stor betydning at den må tas med i regningen.”

Avdelingsingeniør Nordangs beretning.

Ved Veidirektørens foranstaltning fikk veivesenet i Hedmark eftersommeren 1932 utlånt en del redskaper samt en beltetraktor til forsøk med maskinplanering på det nylig påbegynte hovedveianlegg Tolga—Femundsenden.

Veianlegget er ca. 92 km og planeres med 4 m kjørebredde. Hertil kommer 0,5 m banketter på alle fyllinger og 1 m grøfter i skjæringer. — De nødvendige midler til forsøkene disponeres av den til anlegget tildelte ekstrabevilgning til sambindingsveier.

Traktor og redskap.

Caterpillar-traktoren, modell 30, vekt 4530 kg, med firecylindret, bensindrevet motor, 3 gear forover og et bakover, har en oppgitt kraft av 30 HK på beltet, 25 HK på trekkstang. Det svarer til en kraft av

2500 kg på lavgear og 1150 kg på høigear. Kraftoverføringen skjer ved 2 styreclutcher, en for hvert belte. Ved å sette en av clutchene ut av funksjon, overføres den hele kraft gjennom den annen clutch. Dette muliggjør de skarpe vendinger. — Det åpne beltesystem er bygget op av førsteklases herdet stål. Det viser stor motstandsdyktighet mot slitasje. Når traktoren stadig skal være på farten, og dertil arbeide i morrenegrund med skarpe masser, må selvsagt slitet på beltene bli stort. Dette merkes hittil særlig på belteskoenes gripeknaster som nu begynner å bli for små.

Under til dels vanskelige forhold har traktoren nu i 2 sesonger som kraftmaskin for så vel rydningsarbeider som planering ydet et utmerket arbeide. Driftsstans på grunn av uhell med traktoren har ikke forekommet.

Traktorploegen. Til løsning av grunnen har vi hatt en „La Crosse” velteplog, montert på hjul. Ploegen styres av traktorføreren. Ved trekk i en snor kan plogskjæret heves og senkes. Den yder et tilfredsstillende arbeide i lettere grunn, men kommer til kort i storstenet og hård grunn. Den har da tendens til å pløie for grunt, for liten evne til å rive op de større stener, og må — for å kunne tåle påkjenningen — manoveres med forsiktighet. — Etter prøvene i 1932 måtte vi foreta et par forsterkninger. Akselen for det ene hjul tjener samtidig som reguleringsarm for plogskjæret og er på 2 steder boiet i 90° vinkel. Disse hjørner gav etter og måtte avstives ved påsveisning. Likeledes blev stilleanordningen for samme aksel forsterket.

Det beste vilde være å ha en spesiell plog til den hårdere grunn, f. eks. en „rooter”-plog.

Planeringsarbeider.

Maskinskraper med tilhørende wire og blokker. Vi har ikke hatt terreng passende for denne skraper. Den er derfor lite prøvet. Til mindre planeringsarbeider passer den ikke.

Rulleskrape, av norsk fabrikk, bygget efter model av „Bakers” roterende skraper, av kapasitet ca. $\frac{3}{4}$ m³. — Som det fremgår av fotografiene består skrapen av en i 2 rum opdelt halv-cylindrisk beholder med flat bunn, hvorunder skjæret er festet. I fri tilstand ruller beholderen når skrapen trekkes, mens under fylning og massetransport en stengeanordning kobles inn så skrapen må slepe. Ved en snorutløsning åpnes og lukkes for stengeanordningen. Skrapen betjenes av traktorføreren.

Resultatet av siste sommers planeringsarbeide synes tilfredsstillende. Med en gjennomsnittlig transportlengde av ca. 60 m er der utplanert 4179 m³ i 424 arbeidstimer, eller nær 100 m³ pr. dag. Det betyr en besparelse i forhold til vanlig planering av ca. 40 %.

Rulleskrapen har vist sig å være for svakt bygget. Det uheldigste ved forholdet er at dette kan forårsake driftsstans også for traktoren, noget som ikke burde



1. Skrapen fylles i skjæringen.
2. Skrapen omtrent $\frac{3}{4}$ full.
3. Skrapen kjøres tom tilbake til skjæringen. Den gamle vei sees ved siden av den nye. En del av den gamle vei er benyttet som svingplan, men dette er ikke nødvendig da traktoren ved å rygge litt kan snu
4. Skrapen kjøres tom tilbake til skjæringen.
5. Skrapen kjøres tom tilbake til skjæringen. Den gamle vei sees ved siden av den nye. En del av den gamle vei er benyttet som svingplan, men dette er ikke nødvendig da traktoren ved å rygge litt kan snu
6. Skrapen kjøres tom tilbake til skjæringen.
7. Traktoren snur i skjæringen.

2. Skrapen omtrent halvt fylt. En mann står på for å få den til å skjære sig mere ned i grunnen.
4. Skrapen med full last like før den tippes i fyllingen. For å vende kjøres traktoren rett nedover veiskråningen til den gamle vei og tilbake til skjæringen.
6. Skrapen kjøres tom tilbake til skjæringen.
8. Ferdig planert vei.

forekomme i den korte arbeidssesong man kan drive maskinplanering. Skrapen har undergått adskillig forsterkninger på steder. Alle hjørner er avstivet med vinkeljern, det tversgående rammejern er avstivet, bunnen er beslått med ekstra flattjern. På midtre delevegg er der påsatt en ny del for stengeanordningen som muliggjør en omstilling av skrapen til en for transporten passende stilling efter at den er fylt.

Da $\frac{3}{4}$ m³ rullskrape er opgitt å passe for traktor fra 20 til 30 HK vil for traktor, modell 30, som vi har, også en litt større type kunde benyttes under lettere planeringsforhold. Hvis man hadde 2 rullskraper, hvilket i det lange løp utvilsomt blev det billigste, burde den ene være $\frac{3}{4}$ m³ og den annen litt større, dog antagelig ikke over 1 m³.

Arbeidet.

For skogrydning anvendtes samme metode som i Finnmark, tidligere beskrevet i „Meddelelser fra veidirektøren” nr. 8, 1931. Det kan nevnes at det tyngste rydningsarbeide forekom under løsrivning av store stubber i leirholdig grunn. Fra en kjettingslins, som var tredd inn under stubben blev tauet til traktoren lagt over en dertil forarbeidet bukk hvorved opnåddes godt brytertak.

For planeringen blev utsatt bredder og høider, idet man i skjæringene benyttet parallellbredder i nødvendig avstand for maskinene. Foruten chaufføren bestod traktorlaget av 4 mann. Den ene av disse var delvis beskjeftiget som smed. Stikkrenner ver ferdigbygget på forhånd.

I slutten av august 1932 blev arbeidet igangsatt på strekningen Tolga—Nymoen, hvor det øvrige planeringsarbeide pågikk. Frosten satte inn i begynnelsen av oktober og arbeidet måtte da innstilles.

Allerede efter få dagers planering hadde vi det første uhell med rulleskrapen, idet et forbindelsesledd i stengeanordningen røk i stykker. Reservedel måtte forarbeides ved verksted i Oslo. Kort tid senere røk en ny del. — Dette forårsaket at planeringsarbeidet fikk ufrivillige avbrytelser. — Foruten planeringsarbeide på en strekning av 590 m utførtes skog- og stubberydning, samt en del masseutskiftning. Efter arbeidsoverslaget for vanlig planering stillet utgiftene sig således:

Konto B: kr. 1620, Konto E, F og G: kr. 500, Sum kr. 2120.

Omkostningene for maskinplaneringen:

Konto B: kr. 1210, Konto E, F og G: kr. 480, Sum kr. 1690.

Besparselsen på konto B utgjør ca. kr. 400, eller 25 %. Den bør i sin helhet benyttes til avskrivning på traktor og redskap.

I året 1933 blev maskinplaneringen påbegynt 26. juni og varte til 29. oktober. — Terrenget var mer kupert enn ved forrige prøve. Grunnen bestod for en

mindre del av sand. Resten var stenet og til dels hård grunn. Ca. 1 km av strekningen var bevokset med bjerkeskog. — Veien blev ferdig planert i en lengde av 1760 m på strekningen sydover mot Hodalen, i sammenheng med det øvrige arbeide. Gjennomsnittlig transportlengde ca. 60 m.

Efter arbeidsoverslaget for vanlig planering får man for strekningen følgende utgifter:

Konto B	Konto E	Konto F	Konto G	Sum
kr. 6930	kr. 760	kr. 330	kr. 750	kr. 8770

Omkostningene for maskinplaneringen:

	Konto B+G	Konto E	Konto F	Sum
	kr.	kr.	kr.	kr.
Utført	3821,74	300		4121,74
Gjenstår	303,26		145	448,26
Amortisasjon, vedlikehold		2200		
	4125,00	2500	145	6770,00

Til overslagene bemerkes: Arbeidsoverslaget for vanlig planering er beregnet efter en gjennomsnittspris for planering av kr. 1,50. Dette overslag er meget knapt beregnet. I tilgrensende terreng med tilsvarende grunnforhold måtte akkordene for vanlig planering utsettes efter priser fra kr. 1,50 til kr. 1,80. Veidekket er ikke tatt med i sammenligningen. Til amortisasjon og vedlikehold er regnet kr. 2200,00. Besparelsen på konto B utgjør kr. 2800 eller ca. 40 %. For sum utgifter utgjør besparelsen kr. 2000 eller ca. 22,8 %.

For maskinplaneringen fordeler utgiftene på konto B sig således:

Utbetalt til folk: kr. 2651,90. Bensin, olje etc. kr. 1169,84. Utgiftene til brensel utgjør kr. 2,76 pr. time.

I tillegg til den direkte besparelse kan man regne med den fordel at veiplaneringen under stadig valsning av traktoren er godt komprimert og derved de fleste ulemper med en fersk veiplanering ophevet.

VEGAR OG VEGTRAFIKK I TYSKLAND, SVEITS OG ITALIA

Melding um ei studiereise med stipend av ingeniør A. Øyens legat.

Av ingeniør Olav Benterud.

Den 8. april 1933 starta eg frå Drammen i eigen bil og med eit accreditiv og eit introduksjonskort frå N. I. F. i lomma, tre ting som vart meg gode tenarar på turen.




Fig. 1 og 2.

Bilen tok eg elles på båt fra Oslo til Stettin, og tok so landevegen fatt derifrå. Vegane nedover i Pommern var interessante å køyre — lange, rette liner og stigning opp og ned. Overalt var tre etter vegkanten, og i kurvene var desse kvitmåla frå foten og til mannshøgde. Køyrebanen hadde som oftast eit tjære- eller asfaltdekke, men ofte so rundt at det var vondt å køyre på. Ein merka det best når ein her og der kom innpå ein stubb nylagt dekke med liten runding og høvelege overhøgder. Tverrprofillet var mykje godt, som synt i fig. 1.

Berlin var ei svare maurtuva å koma seg igjennom. På mest alle gatekryss var automatiske stoppesignal, og vi var ofte tre bilar i breidde som venta på at lykta skulde vise klårt, og som sette opp farten so best vi kunde for å nå neste gatekryss før lampa lyste raudt.

Etter eit par dagars opphald i denne byen med viting av Verkehrs- und Baumuseum m. a., bar det over „Avus“, ein 10 km lang prøvebane (vel nærmast kappkøyringsbane), til Potsdam og vidare ut på landevegen gjennom Brandenburg, Sachsen, Thüringen til Bayern. Det var gamal veg med moderne dekke, dels gatestein og dels tjæredekker. Etter som ein kjem sørover, blir det meir og meir kurver, ofte jamvel på flat mark. Breidda var ca. 5 m med 2—4 m bankett.

Ved byen Pegnitz var ein stubb ny, flott veg. I grøftene var lagt gjennomhola „krubbor“ av betong. Grøfteprofilet er vist i fig. 2.

Trafikken var nokso jamn, men ikkje serleg tett. Lassvektene var langt større enn me er vane med her heime. Fire hestar eller heilt upp til seks kuer for vogna kunde ein sjå. Lastebilane hadde svært ofte tilhengjar. Jamvel på helgedagar kunde ein møte desse store bilane som so å segja går i trampfart heilt frå München til Hamburg. Dei har dieselmotor og kann laste 18 tonn, vart det sagt, på sine 5 akslar (4-hjuls tilhengjar).

I München vart eg i tre dagar, såg på Deutsches Museum og all den herlege kunst denne byen har å by på. Til Zürich, som fyrebils var målet for reisa, kom eg 20. april.

I Zürich vende eg meg med introduksjonskortet mitt til Schweizerischer Ingenieur- und Architektenverein, og vart vel motteken. Sekretæren sende meg med eit brev til Vereinigung schweizerischer Strassenfachmänner, der eg vart endå betre motteken av sekretæren, hr. ingeniør Amman. Han hjelpte meg med å leggja ei reiserute, og ordna med at eg kunde få råke dei ymse kantonsingeniørane. Soleis vart eg synt rundt to dagar i kanton Zürich, og ein dag i kvar av kantonane Aargau, St. Gallen, Thurgau og Appenzell. Sekretæren var ogso so elskverdig å tilby seg å fylgje med heile tre dagar i det fransktalande Sveits, og me var her ilag med fleire av vegingeniørane i kanton Wallis og kanton Waadt.

Eg hadde søkt stipendet „for å studere trafikk, vegbygging og vedlikehald i Sveits, serleg med tanke på dei røynslor som der er gjort med omsyn til kva lettare og tyngre stigningar har å segja for trafikken og vedlikehaldet, og ikkje minst for det no so aktuelle spursmålet om varige dekker“.

Reint teoretisk er spursmålet om kva stigningane har å segja for trafikken alt nokso godt utgreidd. Bensinforbruket vil ein kunne rekne seg til nokso nøgje av kurver som er sett upp etter utførte forsøk (millom anna ved Bilprovningsanstalten i Stockholm og ved den tekniske høgskulen i Trondheim („Meddelelser fra Veidirektøren“ nr. 1 1931), og av professor Agg's forsøk og utrekningar („Meddelelser fra Veidirektøren“ nr. 1 1927) fær ein eit godt bilæte av dei mest økonomiske stigningstilhøve. I professor Neumanns bok: Neuzeitlicher Strassenbau vil ein ogso finne utrekna koeffisientar som viser høvet millom køyretida i ymse stigningar og på horisontal bane.

Likeins finn ein der sett upp køyretida i kurver med ymse radiar i høve til køyretida på rettline. Og elles vil ein i den tekniske litteraturen finne utgreidingar um utgiftene ved bilkøyring.

Likevel er det so mange faktorar som er uvisse at spursmålet um dei mest samfundstenlege stigningar i det einskilde konkrete tilfelle enno er mykje av eit skjønsspursmål. Holkeføre, snøføre og umsynet til vedlikehaldet har sitt å segja. Storleiken på trafikken kann skifte, og sjølve trafikk-midlet er stadig under utvikling. Dei kurver og høvestal som ei nemnde ovanfor, gjeld for ein viss biltype, eller i høgda for ein gjennomsnittstype av dei no mest brukte, og vil bli heilt andre um t. d. motorane vart bygde med eit vesentleg større eller mindre ytingsoverskot enn no.

Utviklinga har gått i den lei at motorane blir bygde med større og større ytingsoverskot, og dette har gjort stigningane relativt mindre og mindre skadelege, noko som har mykje å segja for bygging av vegar med liten trafikk. Når amortisasjon av anleggskapitalen, vedlikehaldskostnaden og driftsutgiftene tilsamanlagt pr. km skal vera eit minimum, vil det ha mykje å segja å kunne minke fyrstnemnde utgifter, som her er ein munaleg part av den totale føringskostnaden. Det vil ein mest alltid uppnå ved å auka stigningen der denne er bunden, eller ved å ondulera sterkare.

I Sveits har dei teke konsekvensen av dette, og i dei nye normalane som er utkomne i 1932 og 1933 er tillate temmeleg store stigningar, og større på alpevegane enn på vegane i låglandet. Etter normalane, som eg seinare skal koma tilbake til, kann ein bruke stigningar upp til 8 % for hovudvegar og 10 % for bygdevegar, og for kortare stykker 2 % meir. I låglandet er grensene sett til 5 % og 8 %.

Dette er noko meir enn me vanlegvis reknar med her i landet, der vel nærmast den amerikanske regelen um at ein ikkje må forlange ein veg for å få slakare stigning enn 1 : 15 er gjeldande for hovudvegsanlegg. Det er rett nok det fårlege med ein bunden stigning, at um ein i framtida skulde finne han å vera for sterk, so kann dette ikkje rettast på utan heil umleggjing, men på vegar med lett trafikk skulde ein tru at me ogso her med fyremun vilde kunne gå til same stigningar som dei brukar i Sveits. Det er då heller ikkje stigningane, men breidda og kurvaturen som gjer at dei gamle alpevegane må byggjast um, og jamvel som dei no er, går der veldige postomnibussar. På Simplonstrasse mælte eg stigningar på 13 %, og på vegen Thusis—Avers, som ogso blir køyrd med postomnibussar, skal vera stigning på 18 % i ei lengde av 600 m. Her heime har me då ogso hatt bilrute i bakkane over Meheia, og i bakkane millom Vikesund og Hønefoss, som har fleire lengre stigningar på 18—20 %, går mjølkebil med 2 tonns lass i all slag føre. Sjølv i Tyskland blir tillate 6 og upp til 8 % stigning på hovudruter.

Vedlikehaldskostnaden for sterke stigningar i høve til slakare er vanskeleg å døme um, men denne vil

neppe auke pr. m. ein stig i været um ein går til temmeleg sterke stigningar. Serleg mykje vil heller ikkje vedlikehaldskostnaden auke um ein har tapte stigningar, um enn høvling og brøyting blir noko tyngre, og ein for vegar med grusdekke må passe vatnet betre.

Sjølv for spørsmålet um varige vegdekker ser det ikkje ut til at stigningane skal stille seg i vegen. I Sveits er soleis brukt overflatetjæring i stigningar upp til 8 % og betongdekker på 9,6 % stigning. Værlaget er vel so vanskeleg der som her, men etter som dei sa, var resultatet bra.

Betongdekkja var gjort rue med ein lime før betongen herdna, og bituminøse dekker vart lagt som sokalla „Rauhbelag“. Til sistnemnde blir brukt minst mogeleg bindemiddel og mest mogeleg hard, grovkorna singel (8—15 mm eller meir). Bindemidlet må vera av eit lettflytande slag, „Kaltteer“ eller emulsjon. Steinmaterialet bør helst valsast nedi, og bindemidlet må ikkje stige heilt upp til toppen av steinane. — „Kaltteer“ er vanleg vegtjære tilsett lettflytande oljer. — Eg såg slike dekker som hadde vore trafikert i 4 år og endå var rue og gode å køyre på. — I det heile var alle dei nyare tjære- og asfaltdekkene eg såg på turen ruare enn våre er til vanleg.

I stigningane vart ogso brukt nokso mykje sokalla „Wildpflaster“. Til dette vart brukt den avfallssteinen som fell når dei hogg vanleg gatestein. Denne vart sett på beste måte, men utan nokoslag regelrette fuger som t. d. ved „Kleinpflaster“.

I låglandet vart i alle kantonane arbeidd energisk med varige dekker, og av gjenomgangsvegane for heile landet er alt halvparten gjort „støvfrie“, som dei sa.

Med omsyn til kva slag dekker som var dei tenlegaste, var meiningane svært delte. Kvar kanton heldt nærmast på sitt. I kanton Thurgau var lagt mest berre betongdekker i det siste. Ved utgangen av 1932 var i Sveits lagt 300 000 m² betongdekker, og av desse var 46 % i kanton Thurgau. Både konstruksjon og utføringsmåte sovel som dei maskinelle hjelpemidlane var umlag dei same som brukt her heime. Dei var svært nøgje med materialane, og arbeidarane var strengt forbodne å bruke tobakk under arbeidet. Ein cigarettstump eller ein tobakksbuss i betongen kunde vera nok til å valde store skader på dekket.

Alle betongdekker i Sveits er lagt av firmaet Betongstrassen A.G., Wildeggen. — I mange kantonar ottast dei svært ulempene med betongdekker der ein ofte måtte grava gjennom vegen for leidningar og lignande.

I kanton St. Gallen vart lagt mykje smågatestein og „Wildpflaster“, og i kanton Zürich til og med smågatestein med fugene utstøypd med emulsjon. Dette vart millom anna gjort på hovudtrafikkåra frå Zürich og utover på vestsida av Zürichersjøen. Her var ogso før eit nokso solid dekke, oppbygd av fleire lag overflatetjæringar uppå einannan med års millomrom. Det hadde tålt 2000 vogner dagleg og lassveker

upptil 16 tonn, og var enno sterkt nok; men det var noko ujamnt og altfor rundt, og vart difor rive upp. Televanskar var det ogso sume stader.

Det nye dekket fekk 20 cm steinlag under gatesteinen, og sume stader støypd betongkake der grunnen var veik.

Eg spurde kantonsingeniøren um han heldt dette arbeidet for å vera „wirtschaftlich“. Han drog då berre på akslene og svara: „Wir müssen es tun.“

Kantonsingeniøren i kanton Aargau hadde brukt mykje overflatetjæringar, men holdt no mest på „Teerschotter“. Denne var umlag som den tjærebetonen det er lagt mykje av her heime i sumar, og som millom anna er lagt fyrebils dekke på automobilvegen Köln—Bonn til fyllingane har sige frå seg. Dette dekket vart elles lagt mykje i alle dei 8 land eg for gjennom på turen. I Aargau var ogso lagt noko sokalla „Irga-teer“, som gav ljose og gode dekker, men var dyre, då bindemidlet, „Irga“, inneheldt gummi.

I vesle kanton Appenzell er presidenten for Vereinigung schw. Strassenfachmänner, hr. Schlaepfer, kantonsingeniør. Han er vel kjend ogso utanfor sitt eige land når det gjeld prøving og normering av tjære og asfalt m. v. til vegbyggjingsfyremål, og er halden for å vera eksperten når det gjeld overflatetjæringar og likn.

Arbeidet vart elles gjort umlag der som her, men tjæra vart alltid tilsett 10—60 % asfalt. Dei hadde som regel at når ein sprøyte bindstoffet ut for hand, skulde det alltid gjerast i lengderetningen av vegen, og ikkje tvers på denne, då ein i so fall lettare kann få bylgjer. Av same grunn heldt dei det for å vera tenlegare å laga to magrare overdrag fyrste året enn å få eitt med for mykje bindstoff.

Emulsjonar vart mest berre brukt til lapping, då dei fell dyre. Når det galdt desse, hadde arbeidarane pålegg um å føre limen berre i ei ledd, og ikkje att og fram, når dei jamna dei utover, då emulsjonen elles lett kunde koma til å breste for tidleg.

På „Furkastrasse“ i kanton Wallis vart utvida til 5,5 m køyrebreidde. Vegdekket vart her, som for det meste elles i Sveits, lagt heilt inn til innerskråningen (muren), og vart utført som penetrasjonsdekke med 3—4 kg Mexphalt (30 % tjære og 70 % bitumen) og uppå dette eit overdrag med 1 kg spramex pr. m² avdekt med singel 8—22 mm. I same kantonen såg me på ein bygdeveg (Gemeindestrasse 1. Ordnung) som vart bygd frå nytt med 9 % stigning og med varig vegdekke. Dekket vart framstelt som noko dei kalla Colaston. Steinmaterialet (singel 8—25 mm) vart lagt i haug på ein blandelem, oversprøyta med bindemidlet og blanda umlag som ein blandar betong. Det same såg eg ogso brukt i Italia langs Lago di Maggiore. Der var sett att ei rand på 1 m breidde på kvar side av dekket då dette vart lagt, og no etter at nokre år var gangne, vart ogso lagt dekke her.

Med omsyn til grus- og macadamdekker var ikkje noko nytt å lære i Sveits. Vedlikehaldet på desse

var heller ikkje alltid so bra. I låglandet iallefall prøvde dei å spare mest mogeleg på dette, for å ha pengane til nye, varige dekker. Soleis vart det ikkje gjort noko for å råde bot på støvplaga av det offentlege, men sume private kjøpte og strøydde ut eit sulfittpræparat, „Sulfitablauge”, i tettbygde strøk.

Enda halvparten av dei offentlege vegane enno er grusvegar, såg eg ingenstad nokoslag form for skraper eller høvlar, og der var ogso nærmast ein ukjend ting for ingeniørane. Dei var svært interesserte i det eg fortalde um våre vedlikehaldsreidskapar, serleg Dravnhøvelen, og kantonsingeniøren i kanton Zürich tok med seg ein av ingeniørane sine og reiste helt til Drammen for å studere denne. Ein høvel vart tinga, og denne er no i bruk dernede.

Telehiving var dei nokso mykje plaga av, og ved nyanlegg var dei svært varsame. Massen vart ofte utskifta, som regel til 0,6 m under traugbotnen, og drengrofter vart mykje brukt. Til desse vart nytta mest gjennomhola cementrør (4"), då dei var redde for at leirrør ikkje vilde tåle valsinga og rystinga frå trafikken.

Planeringsarbeidet vart utført umlag som hjå oss, men planane vart utarbeidd langt nøgjare. Vedkomande utforming av planeringsprofilen i kurver og på rettline, overhøgder, kurveutviding og overgangskurver m. v., tør eg vise til ein artikkel i „Meddelelser fra Veidirektøren” nr. 3 1934, der eg ogso har drege samanlikning med byggjemåten i Tyskland, Sverige og i vårt eige land.

Ein liten reidskap som eg ikkje hadde sett før, bør kanskje nemnast, nemleg torvøkser. Det var *ei* øks til å hogge laus torva på kantane og *ei* til å losna torva frå underlaget. På denne siste vart torva liggjande og kunde i same draget slengjast på haugen eller upp i trillebåra. Sjå fig. 3 og 4.

På vegen langs Genfersjøen vart gjort store sprengningsarbeid. For å hindre steinsprut fram i gata ved




Fig. 3 og 4.




Fig. 5.
Vern mot steinsprut ved skyting.

skytinga, var bygd upp ein stor jarnkonstruksjon, tekt med box, som vart førd att og fram på skinner. Sjå fotografiet fig. 5.

Overalt i Sveits er gjort mykje for å merke av vegbanen so denne er lett å sjå i skodde og mørke. Der det ikkje er samanhengjande rekkverk, er det stabb overalt med 2—10 m avstand, fint tilhogne, og med påmala eit svart-og-kvitt band.

Litt um vegane i Nord-Italia.

Med det same eg var so langt, tok eg ogso ein tur ned i Nord-Italia, og eg vart imponert med det same eg kom over grensa. Der var ny veg med 6—7 m, brei asfaltert køyrebane heilt til fjells. Sjølve arbeidet var ogso overlag fint og godt utført. Murar, rekkverk, bruer m. v. var reine arkitektoniske meisterverk.

Alle landsbyane var ei plage å koma gjennom med sine tronge og krokute gater med køyrebane av rullestein og rennesteinen i midten. Mange stader arbeidde dei då ogso med å føre vegen ikring landsbyane istaden.

Eg kom over grensa ved Castasegna og køyrde ned etter Comosjøen. Langs denne var nybygd veg med profil som i fig. 6. Køyrebreidda er 6,0 m, til dette kjem ein slak, 0,5 m brei, rennestein anten steinsett eller lagd med betongplater. Likesom i Sveits var køyrebane allstad skarpt og synleg avgrensa. I fjellskjeringane var i indresida støypt upp ein kant, 10—15 cm høg, som fylgde nøgje cirkelbogen. Millomromet mot fjellveggen var utstøypt med betong eller attfyllt med jord eller stein. I kanten var innlagt eit vinkeljarn nr. 40/40.

Der vegen var lagt inn, låg ikkje den gamle vebreidda som tillegg til den nye, som me som regel




Fig. 6.

gjer det hjå oss. Langs den nye vegkanten var sett kantstein eller stabb, og det som kom utanfor, var fyllt opp og ofte tilplanta med cypressar eller blomar. — Det var som eit eventyr å koma frå vinteren uppe i Alpane og hit ned, der alt var so varmt og blidt.

Rekkverka var som regel samanhengjande mur med fint tilhogne plater oppå, ca. 40 cm breie. Desse vart flittig brukt av kjerringane som vaskebrett. „Vaskebrett” i vegbanen var sjeldan å sjå. Ovanfor Lecco låg ogso ein lasaron i gruve på rekkverket med dei berre fotsålane rett mot himmelen, og såg ut til å sova retteleg godt. Han levna til likevel når bilen stoppa og eg skulde til å fotografera, og det synte seg at han kunde tige på fire språk.

Frå Bergamo til Brescia kørde eg på den vidgjetne autostradaen. Det var ei oppleving å kunne suse iveg der, men mi undring var stor då eg mest ikkje møtte ein bil. Eg sette meg på kanten til å eta, skreiv dagbok og studerte bondelivet på Posletta, men berre eit par biler kørde framum. Det var nokso dyrt å køyre der, 14 lire for 34 km, og det gjekk fin veg nær inntil, so det var rimeleg at folk heller nytta den. I Sveits var det heller ikkje fritt for anna dei slo på at autostradaene, og ogso dei flotte vegane mot grensene i Italia, for ein stor del var bygd med strategiske fyremål for auga.

Vegdekket på autostradaen er av betong, er 8 m breitt, og har skrå tverfuger. Det siste er truleg for ikkje å få slaget i to hjul samtidig. Uppå betongen er ei overflatetjæring avdekt med so grov elvesingel at banen blir svært ru. Som ein ser på fotografiet, fig. 7, er køyrebane ogso i skjeringane avgrensa med små stabb. Desse er kvitmåla og står so laust at det ikkje gjer større um ein kørder på ein.

På fotografiet fig. 8 ser ein den store jarnbetongbrua som fører autostradaen over elva Serio.

Det 30 km lange stykket frå Brescia til Salo var å kalla eit einaste veganlegg. Kilometer etter kilometer låg pukken framkøyrd langs kanten, og 5—6 store valsar var i sving. Det var eit slag penetrasjonsdekke som vart lagt.

Langs Garda-sjøen var overlag vildt lende, og vegen heilt ny. Som ein ser av fotografia fig. 9—11 er planen storlagd og sjølve anleggs-arbei-

det overlag fint ifrå seg gjort. Stikkrennekummane var her som elles lagt godt ut av køyrebane.

Frå øvre enden av Garda-sjøen er ein brei, flat dal oppover. Her var anlegg unlag som mellom Brescia og Salo, og her som der var dei svært likesæle med å halda køyrebane nokolunde farande der dei arbeidde. Dei var uvyrndne med dyra sine, og det såg ut som dei var det same med bilane. I alle fall vart det for mykje for min. Då eg var komen vel ut av anlegget og oppå fjellryggen mot eit anna dalføre, merka eg at det var noko galt med det eine framhjulet. Det synte seg at lageristet var slege heilt sund, og eg stod der nokso hjelpelaus i eit djupt gjel med eit stort krusifiks av Jomfru Maria på den eine sida og skytegluggar frå verdskrigen på hi. Etter mykje strev fekk eg likevel køyrt bilen fram til Trento, og fann ogso ein reparatør som kunde tysk. — Dette hefte meg to dagar, og gjorde so mykje at eg ikkje kom til Venedig.




Fig. 7 og 8.
Øverst: Frå autostraden Bergamo—Brescia.
Nederst: Jernbetongbro over elva Serio.



Fig. 9.




Fig. 10.

Den nye veg langs Gardasjøen.




Fig. 11.

Attendevegen la eg over Rovereto—Riva—Rossa—Brescia til Milano, og kom over mange anlegg. Summe stader var både lende og vegar nett som her heime. Der var fleire vegar med grusdekke og 3—4 m køyrebreidde. I slyng var summe stader lagt betongheller umlag som vist i fig. 12.

Dei er overlag flinke til å mure i Italia. Steinen er uvand, for det meste kalkstein, og blir lagt i cement. I kvart skift blir lagt inn opne fuger, 2—5 cm breie, i heile skiftehøgda og 4—5 m avstand. Dei går tvert igjennom heile muren.

På automobilklubben i Milano spurde dei meg um eg ikkje hadde interesse av å sjå veglaboratoriet deira, og dei ordna det so at eg fekk råke sjefen der, Dott. Ing. Cæsare Biffi, som fylgde meg gjennom det heile. Drifta av laboratoriet blir kosta av to automobilklubbar og nokre entreprenørfirma, og dei utfører alle slag prøver med vegmaterialar og ogso med bilgummi.

Etter ein tripp ned til Genua med jarnbanen, bar det på heimveg over autostradaen Milano—Sesto Calende. Her var stor trafikk og ein veldig fart på alle. Vegen vidare langs Lago di Maggiore var ogso framifrå. På fotografiet fig. 13 vil ein sjå korleis køyrebanan er avgrensa og korleis stikkrennekummane er lagde. Av fig. 14 ser ein ogso at det ikkje er smålass som går der.

Over alt langs dei italienske vegane er bygd materialplassar, som det er lagt mykje arbeid på. Avstanden millom kvar er temmeleg nøgje 200 m, og som oftast ligg dei skiftevis ein på kvar




Fig. 12.


Fig. 13 og 14.
Vegen langs Lago di Maggiore.



Fig. 15.
Materialplass ved italiensk veg.



Fig. 17.
Vegviserskilt fra Italia.

side. Her ligg 2—3 ferdig tilhogne stabb, ein haug singel opplagd i fin pyramide, og svært ofte ogso ei tønne emulsjon, alt i finaste orden. Sjå fig. 15. Vegvaktarane gjekk i uniform.

Det var overlag mykje forvitneleg å sjå i Italia, og eg vart vel motteken der eg for. Likevel var eg glad då eg køyrde over grensa til Sveits. Det var mest som å koma heimatt.

Turen gjekk so over Simplonpasset til Brieg, og vidare over Lausanne—Spiez—Luzern—Zürich og inn i Tyskland over den nye Rhinbrua millom Koblenz og Waldshut. Over Schwarzwald var heilt ny veg lange stykkje med fin granit i skjeringane og stabberekkverk umlag som her heime. Ein frodig grastorvkant laga føring frå stabb til stabb. Indregrofta var steinsett og stikkrennekummane lagt som synt i fig. 16. Sume stader var ogso djupe grofter, og ein 0,5 m brei og 0,1 m høg torvkant skilde vegdekket frå grøftekanthen.

Det var avtala at eg skulde møte ingeniør Frøholm. I pinsa tok me ein tur sørover langs Rhin til Frankfurt a. Main, og vidare på heimtur over Kassel, Hauburg og Kiel til Danmark, der me millom anna såg på det veldige bruarbeidet over Lilebælt, og so vidare heim over Kjøbenhavn og

Helsingborg. På denne tre vekes lange heimturen såg me mange anlegg og mykje slag vegdekkarbeid. Ingeniør Frøholm har skriva ein artikkel um dette i «Meddelelser fra Veidirektøren» nr. 8 1933, og eg tillet meg å visa til denne.

Det var greit å finne fram etter kartboka «Europa im Automobil», som eg fekk kjøpt på K. N. A.s kontor, og enndå eg 12 gonger køyrde over landegrensar, hadde eg aldri noko kluss med å få koma over. Uppmerkinga var oftast framifrå, ikkje minst i byane og landsbyane. Ved innkøyringa til desse stod ei tavle med namnet på måla, og til rettleiding for dei som køyrde ut av byen, var på baksida av same tavla måla namnet på nærmaste landsby i den leid ein då køyrde.

Inne i byane var sett upp vanlege vegvisarar eller tavler på husveggene. Stundom var måla beinast på desse. I Italia var sett upp fyrehandsvarsel for ein kom til sjølve vegvisaren. Sjå fig. 17.

